



Riksantikvarens postmottak

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 24/15893 - 24/79649	Vår saksbehandlar: Tore Bugge Pedersen -	Dato: 13.06.2024
-------------	--------------	------------------------------	--	------------------

### Høring av Riksantikvarens handverksstrategi

Riksantikvaren har sendt utkast til handverkstrategi på høyring med frist 14. juni. Strategien er laga på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og er ein av fleire nye bevaringsstrategiar for ulike tema og områder, mellom anna kyrkjer, kystkultur og landskap. Strategiane er forankra i Stortingsmelding 16 (2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, berekraft og mangfald*.

### Tidlegare vedtak i fylkeskommunen

Kultur- og folkehelseutvalet har tidlegare uttalt seg til etableringa av bevaringsstrategiar i sak 13/23, og fatta da vedtak om at «Kultur- og folkehelseutvalet vil særleg peike på Riksantikvaren sitt arbeid med ein handverksstrategi og initiativet til eit samarbeid om rådgivingstenester regionalt i fartøy- og bygningsvern som viktig. Dette er eit steg vidare fram mot betre bevaring av kulturmiljøa og gir innbyggjarane betre vilkår for å få til meir gjenbruk og ombruk av bygningar.»

Vidare behandla fylkesutvalet høyringa om forskrift om tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg (Kyrkjebevaringsfondet) i sak 30/24, og vedtok at « Istandsettinga av kyrkjene vil krevje auke i handverkskapasitet og -kompetanse i tradisjonelt bygghandverk og er nødvendig for å kunne sikre god tildeling av tilskot til fylket. Fylkesutvalet ser det som positivt at også fylkeskommunane kan søke tilskot til innsatsområde 2 - Kunnskap og kompetanse, og slik bidra til å auke kompetansen og tilgangen på tradisjonshandverkarar.»

### Kort om handverksstrategien

I utkast til Riksantikvarens handverkstrategi er det foreslått følgande satsingar:

- Handverkkompetansen og -kapasiteten skal styrkes
- Fleire bedrifter med relevant kompetanse skal ta oppdrag på kulturminnar og kulturmiljø

- Erfaringsbasert kunnskapsutvikling og forskning skal styrkes

Riksantikvarens handverkstrategi skal bidra til at eigarar og forvaltarar av freda og verneverdige bygningar, anlegg og fartøy har tilstrekkeleg og stabil tilgang på handverkarar med relevant kompetanse. Strategien skal omfatte allmenn og spesialisert handverkkompetanse som er nødvendig for å ivareta kulturminne og kulturmiljø. Det omfattar eksteriør, interiør, inventar, fartøy og grøntanlegg

Strategien vil følges opp med en handlingsplan. Handlingsplanen kommer til å innehalde tiltak som skal gjennomførast av Riksantikvaren, men også forslag og anbefalingar til fylkeskommunar og Sametinget, Kulturminnefondet, utdanningssektoren, byggenæringa og andre relevante aktørar. Handlingsplanen vil følge opp de tre strategiske satsingane og de tilhøyrande måla med konkrete aktivitetar og tiltak.

### **Drøftingar**

Strategien slik den er presentert er heilsamd, og tek for seg alle nivå og aktørar. Arbeidet med å løfte handverk er ei kompleks problemstilling, og det er positivt at Riksantikvaren erkjenner dette og legg opp til ein strategi som er tilpassa dette. Dette er ein utfordrande på grunn av sitt omfang, men inndelinga i satsingane med underordna målsettingar er ein god inndeling og systematisering.

Kulturminna som er avhengig av rett kompetanse for istandsetting eller vedlikehald er ofte ikkje nok verdsett, og viktigheita av handverket ikkje godt nok allment kjent. Det fører til at eigar ofte er lite villig til å betale, eller ikkje sjølv har nødvendig innsikt for at krevst spesialkompetanse. Om det lykkast med å løfte handverket så vil man i tillegg til å sikre handboren tradisjon for ettertida og auke kapasitet, også skapa bevisstheit og gjere kulturminna meir verdsett.

Ein anna faktor som er eit sterkt argument for å auke tilgangen på handverkarkompetanse, er geografisk avstand. Lokale handverkarar blir ofte prioritert. Dette meiner vi i seg sjølv er positivt, men dette er og ei grunn for å sørge for at rett kompetanse finst i eit tilbod i bredda, så vel som spissa.

Strategien ser ut til å legge mest vekt på bygningsvern. Dette gjenspeiler dagens situasjon, men fartøyvernet bør styrkast, og vi kunne gjerne sett at strategien løfta dette. Den tek heller ikkje tilstrekkeleg opp i seg komande utfordringar når gjeld typar kulturminne og handverksdisiplinar vil bli å rekne som tradisjonelle og truga. Dette kan for eksempel være handverk knytt til bevegelige kulturminne, som vil være sentrale for å fortelje samferdslehistorie i etterkrigstida. Handverket er også nær knytt til materiale, og det ville vore ynskjeleg at også denne utfordringa blei nemnd.

Bevaringsstrategi for kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg med tilskotsordningar, vil samanfalle godt med handverksstrategi, og være med på å svare ut nokre av utfordringane knytt til etterspørsel og oppdrag. I 2025 skal bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø skipast. Her er det enda usikkert om i det vil føre til ein auke i økonomiske verkemiddel. Gjerest det, så vil det forsterke ei synergieffekt ytterlegare.

Det vil være utfordrande å prioritere gode og avgrensa tiltak i handlingsplanen som skal utviklast etter strategien. Dei forskjellige aktørane er motiverte og forpliktar seg til å følgje dei opp. Strategien kunne tatt for seg korleis man skal jobbe for å lykkast med dette. Vi ser fram til anledninga til å være med på å utforme dei, og gjennomføre det som fell på oss.

### **Tilknytning til Møre og Romsdal fylkeskommune si rolle og målsettingar**

Møre og Romsdal fylkeskommune er regional myndigheit for kulturmiljø, og har ansvar for å at tiltak som gjennomførast på bygningar, kulturmiljø og fartøy med vernestatus, gjerast med høgast tilstrekkelege kompetanse. I Regional delplan for kulturminne i Møre og Romsdal er tilgangen på kvalifiserte handverkarar identifisert som ei hovudutfordring i kulturminnevernet. Tidleg rekruttering og eit godt grunntilbod er viktig å styrke, for å gi handverkarar det beste moglege utgangspunktet for vidare spesialisering. Oppdraga i vårt fylke står i kø, men det er utfordringar knytt til konkurransedyktigheta til tradisjonshandverk.

Ei anna sentral problemstilling er tilgang på rette typar materiale og anna tilfang til byggearbeidet. Ved utskifting av skadd eller øydelagde deler, er det viktig å kunne erstatte desse med nøyaktig kopi når det gjeld materialtype, kvalitet og tilverking. Etablering av ein materialbank for å svare ut dette behovet. Dette er arbeid som vi håper kan styrkast i handlingsplanen til strategien.

Møre og Romsdal fylkeskommune er eigar av vidaregåande skule og høgare yrkesfagleg utdanning, og dermed ansvarleg for ein betydeleg del av utdanningstilbodet for handverk. Strategien bør inneholde tydeligere mål om å se på muligheten for å kartlegge behov for nye eller andre lærefag innanfor det fylkeskommunale utdanningstilbudet. Dette må utredes og kartlegges i samarbeid med Utdanningsdirektoratet.

### **Fylkeskommunens andre relevante satsingar**

Gjenbruk av eldre bygningar er viktig i eit berekraftsperspektiv, og er løfta fram i Fylkesstrategi for klima, miljø og energi. Det heiter seg at dei mest miljøvennlege bygningane er dei som allereie finst. Av den eldre bygningsmassen, så utgjør kulturminne og -miljø ein betydeleg del. Godt handverk er dermed ikkje berre viktig for ta vare på bygninga i seg sjølve, men også for å sikre vidare bruk der det er praktisk mogleg.

Regional delplan for museum legg vekt på den immaterielle kulturarven. Dette er viktig arbeid for å samle inn, dokumentere og vidareføre også den type handverk som vil være viktig i

byggnings- og fartøyvernet. Men her er det immaterielle løfta fram i ei breiare forstand, og etter vår meining meir framtidsretta enn avgrensa til byggnings- og fartøyvern. Musea har teke til seg at historie skapast løpande, og ny immateriell kunnskap og handverk vil det stadig være behov for.

### **Konklusjon**

Høyringsfristen som er satt til sjølve handverksstrategien er dessverre for kort til at vi kan ta opp sakane til politisk behandling, noko som er beklageleg. I høyringsbrevet ber Riksantikvaren spesielt om tilbakemelding på om satsingane og målsettinga for strategien er riktige og relevante.

Møre og Romsdal Fylkeskommune si vurdering er at utkastet er godt gjennomtenkt og viser forståing for ei samansett problemstilling. Møre og Romsdal fylkeskommune gjer si støtte til arbeidet og meiner at dei strategiane og målsettingane svarer i all hovudsak til dei utfordringane vi ser. Strategien er også i tråd med fylkeskommunens planar og strategiar.

Det er viktig at strategien følges opp av konkrete handlingsplanar, med styrka eller meir målretta økonomiske tiltak, og at ansvaret er tydeleg fordelt mellom dei forskjellige nivåa og aktørane.

Med helsing

Hilde Arna Tokle Yri  
konst. seksjonsleiar

Tore Bugge Pedersen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*